

Året som har gått 2018

Eit nytt år er forbi og me i IL Fanaråk vil gjerne oppsummere litt i år og. Me har mykje god aktivitet i idrettslaget, og me vil nytte høve til å takke dykk som deltek på aktivitet, er trenarar, er med i ei gruppe, er medlem eller sponsor for at de gjer det mogleg å halde på aktiviteten. Etter me gjekk over til det digitale medlemsregisteret har me merka ein nedgang i medlemstalet. Me håpar at den trenden snur når ein kjem godt inn i systemet.



8.januar byrja skikarusellen i Hestahagen. Her gjekk me fram til 5.mars på fine forhold. I forkant og etterkant hadde me løype i Turtagrø, der me og avslutta karusellen. Nytt av året var at det nokre gonger var skileik på karusellrennet. Der fekk me prøvd oss både på eggeløp og dansk kanonball, noko som var veldig kjekt og auka balanse og skiferdigheiter. Idrettslaget legg no inn løypa ein køyrer på <https://loyper.net/#fanaraak/15,7.79205,61.49587> , her kan du sjå om løypa er i Hestahagen eller Turtagrø og kor lenge det er sidan løypa vart køyrd.

Påskeløypa over fjellet er blitt ein tradisjon saman med Sognefjellet sommerskisenter. Både denne og løypa på seinvinteren i Turtagrø er godt besøkt og noko me ynskjer å halde fram med.

Utover vinteren hadde me aktivitet på Fjordstova nokre fredagar. Klatregruppa stilte opp med klatring, og det var fotball og leik i gymsalen. Med ope basseng og sal av kveldsmat på Fjordstova i etterkant vart dette kjekke kveldar.

4.mars hadde me basar i Fortun Grendahus, her fekk me inn 50 900 kr, noko som er rekord. Her er det mange som bidreg både med dugnad, gevinstar og kjøp av lodd og årar. Tusen takk for dette!! Saman med basaren er den årlege utdelinga av premiar for turorienteringa og fotokonkurransen. Mange flotte bilder vart tekne, og me gler oss til bilda i år og. Frist for innsending er 31.desember og temaet er mose og lav. Hugs å oppgje kva post du har gått til når bilde vart teke. Lenger ut på vårparten fekk me oss ein ny post på turorienteringa,

Nedstestølen ovanfor Ormelid. Dette er ein flott tur i fint terreng med ein fantastisk utsikt over Fortunsdalen.

Mai kom og Kulturdagane vart arrangert for 30.gong. Det vart då offisiell opning av turstien mellom Skjolden og Fortun. Jenny Følling og Erling Bjørnetun var tilstades og Per Ove sprang inn med elden etter å ha teke turen ned vegen frå Fortun. Idrettslaget har vore byggherre for vegen og Skjolden Bygdelag eig og driftar vegen. I samband med opninga av vegen hadde idrettslaget natursti på vegen. Kjekk måte å komme seg ut på heile familien, enten til fots, i vogn eller på sykkel. Siste åra har og idrettslaget arrangert Mesternes mester under Kulturdagane. I år var det 47 ungar i alderen 0-15 som deltok. I denne konkurransen er det ikkje alltid den med best kondis som vinn, her måtte ein både tenkje og ha flaks.



Fotballgruppa har og denne sesongen hatt lag i 7.divisjon. Her kom Fanaråk på 2.plass, med like mange poeng som Svelgen. Me håpar at i 2019 sesongen får me kampar på Skjolden stadion og.

Idrettslaget har denne hausten kjøpt ei miniløkke. 6 og 7 åringane skal no spele 3 ar fotball i miniputt, helst på eit avgrensa område. Miniløkka er like artig for vaksne, teknikken får ei utfordring her, gjerne gjennom pannafotball.

Gjennom heile året har me jobba med Fanaråken opp. Mange gjer mykje for å få til dette motbakkeløpet, det er me takksame for. I år var ikkje veret heilt på vår side. Me måtte gå til b-planen og arrangere eit løp mellom Fortun og Turtagrø. Dette blei ein anna type løp med asfalt. I timane etter avgjerda om flytting av løp fekk me avmeldingar, men og fleire påmeldingar i konkurranseklasse. Dette viser at begge løpstypane er populære blant dei aktive. Trimmarane ville nok helst fått gått til Fanaråken. Gledelig var at samarbeidet vårt med Yngvar og Aktiv mot Kreft resulterte i 10 000 kr i arbeidet med pusterom og kreftforskning.

I oktober fekk me meldinga om ein velfortjent pris. Anders måtte til Oslo på Haustmøte til Norges Skiforbund for å motta prisen «årets eldsjel». Han gjer ein flott jobb for idrettslaget og ivrar spesielet for skisporten. No i desember melder han at løypa i Turtagrø er i gang, medan me ventar på snø i Fortun.

Den vanlege aktiviteten i gruppene våre held stand og arrangement som årsmøte, Sognefjellsmarsjen og nissemarsjen vert avhelde. Friskisgruppa har i 2018 leigd inn PT Sandra Bukve til å ha nokre timar, det blir det fleire av etter jul. Følg med på Facebook om du har lyst vere med på det. Klatregruppa har fått utstyr frå Sportsbui as i Gaupne, noko me er svært glade for. Bjønnaposten i år som før vitnar om at me har flott ungdom som me kan sende vidare til fotball- og handballag i Bjørn. Samarbeidet med IL Bjørn og Luster IL er viktig for oss.

Me vil me dette takke alle som deltek på arrangementa våre, er medlemmar og sponsorar for at de nettopp vel å støtte oss. Tusen takk til alle som er med som frivillig eller har eit verv i idrettslaget. Det er ein viktig jobb de gjer for at me skal oppretthalde liv i bygdene våre. Hugs og å nytte dykk av dei to flotte Coopbutikkane våre, Treningscenteret i Fortun og Fjordstova og alle dei ulike aktivitetane som organisasjonane i området driv!

God Jul og Godt Nyttår!!

Anders, Larisa, Jakob, Hans Arvid, Anne Marie og Mona

